



Skorpefjellet er eit fristande turmål og no vil det bli gjort enda meir fristande som eit resultat av løyvinga frå Sjøtroll. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sjøtroll Havbruk har no overført 20.000 kroner til prosjektkonto i Uskedalen Utvikling og pengane vil truleg bli nytta til diverse tiltak på Skorpo.

- Vi vil gjerne ha eit godt omdømme og ønskjer å gje noko attende til bygder som på sett og vis er vertskap for oss. Og tanken er at Uskedalen skal få ein tilsvarande sum neste år, seier Sveinung Sandvik i Sjøtroll Havbruk i Mauranger til uskedalen.no.

Han fortel at selskapet eigentleg la opp til ei langt større løyving og hadde fullført forhandlingar med kommunen om overføring av årlege summar. Men så kom det eit signal frå høgt politisk hald om at det skal innførast ei tvangsavgift for oppdrettsnæringa.

Det ga som resultat at Sjøtroll la saka på is ei stund

Men uansett kva det blir til med tvangsavgifta vil Sjøtroll no altså gje ein sum til Uskedalen, noko prosjektleiar Kristian Bringedal i Bygdeutviklingsprosjektet tykkjer er storvegs.

Sandvik seier at Sjøtroll ikkje vil leggja seg opp i kva Uskedalen Utvikling vil bruke pengane til.

Bringedal opplyser at planen er å satsa på Skorpo, nærare bestemt på ei opprustning av friluftstilbodet – med stigar, merking og framkomst som stikkord.

Ikkje minst er det viktig å gjera det lettare å ta seg opp på Skorpefjellet.

Skorpo er også svært interessant frå ei geografisk og biologisk synsstad og Bringedal ser for seg at det blir laga si brosjyre med viktige opplysningar. Også bygningshistoriske miljø på Skorpo er interessante, men det er sjølv sagt begrensa kva ein kan utrette for eit slikt beløp.

Skorpo har også ein spesiell plass i Sjøtroll si verksemd,

Selskapet har denne hausten vore i gang med tilretteleggjinga av sitt nye oppdrettsanlegg rett utanfor Skorpo og smolten er no på plass.

Dei har også tidlegare hatt eit anlegg både der og utanfor Snilstveitsøy, men desse to er no slege saman til eitt og det nye ligg noko lenger ute i fjorden enn det gamle anlegget.

Av Ola Matti Mathisen